

Til stades: Anne Grete Sønstehagen, Ine Jeanett Skjerven, Linda Marie Hagelin, Janne Kjørlaug Grønbech, Eirik Hoem, Hilde Holte Selland (på teams) og Lars Olav Halleråker.

23. Godkjenning av referat frå sist møte 1.2-24
 - Kommentar: Ingrid Mork Nygård heiter ikkje Ingrid Morken
24. Skriv meldingar og info.
 - Referat frå SU ligg vedlagt.
25. Orientering frå rektor.
 - Hafslo skule har resertifisert som lærarutdanningsskule.
 - o Masse fokus på utviklingsarbeid.
 - Luster og Sogndal kommune har eit prosjekt som heiter folkehelse og livsmeistring.
 - o Frå hausten 2024, 1 time i veka som heiter FOL.
 - o Gratis føredrag frå Line Warholm, «Robuste Barn»
 - Tilsettingar
 - o Skulen har sendt ut tilbodsbrief, 5 pedagogar har takka ja til no.
 - o Manglar noko tilsetting på SFO, men har ein prosess på dette.
26. Godkjenning trafikkssikker kommune.
 - o Skulen har fått skilt med hjartesone.
 - o Skulen skal fortsette å jobbe med å være trafikkssikker, har fokus på korleis avlevering og henting kan være då det er mykje trafikk. Det er eit ynskje om at dei som er frå Hafslo ikkje køyrer til skulen.
 - o Ynskjer at FAU bidreg til dette gjerne med å være vakt for å synleggjere fokuset på trafikkssikkerheit. Dette bør vi gjere ved skulestart.
 - o Skulen har fått 40 000,- til fokus på trafikktryggleik.
 - o Bortsett frå mjølkebilen så fungerer trafikken greitt med den auka byggeaktiviteten.
27. Elevundersøkinga
 - o Positiv framgang på støtte.
 - o Forbettringspotensiale på trivsel, motivasjon og mobbing.
 - o Skulen har fokus på trivsel og å jobbe for eit inkluderende fellesskap.
28. Fast sak- status på foreldrenettverksmøte sosialkveldar mm.
 - o Det er litt ulik hyppigheit i gruppene, samt noko ulike erfaringar. Dette er eit tema som det må jobbast vidare med, erfaringa er at møta blir betre etter kvart.
 - o Fin tilbakemelding på foreldremøtet 17.3
 - o Det er viktig at FAU representantane minne foreldrerepresentantane om å gjennomføre desse møtene.
29. Status- Oppfølging/vedlikehald av årshjulet FAU
 - o Det vert gjort få eller ingen endringar.

30. Informasjon frå workshop 19.03.24 om fleirbrukshall på Hafslo

- Det vert informert om prosessen, der FAU sit med eit godt inntrykk av denne. Det er viktig å ivareta skulen sitt behov.

31. Informasjon om korleis det går på ungdomsklubben framover v/Tomas

- Her vert det jobba masse, og at det er ein god prosess.
- Ulike arrangement.
- Dei har fått ein avtale med Lyngmo om å nytte eit lokal der, samt at dei skal nytte kantina nokre ganger.

Ymse

- Skjermbruk på SFO
 - Det vert stilt spørsmål ved mengd, og innhald på skjermbruk i SFO. Dette vert teke opp med leiinga på SFO. Rektor tar opp dette i samarbeidsmøte med SFO
- Det er ynskje om skiljeveggar i dusjgarderobe.
 - Fau har tatt opp saken. Det kom inn innspel både om mengde dusjing, og om korleis dslik kan sjå ut og kvar ynskje kan adresserast. Eit spørsmål om dette bør takast opp med eigedom i kommunen.